

PM for KM Natt Tittelsnes 9. april 2010

Velkommen til KM i Nattorientering på sjølvaste okkupasjonsdagen 9. april. Dagen får enda litt meir historisk sus ved at arrangementet er lagt til festningen som den tyske okkupasjonsmakta bygde på Tittelsnes. Festningen var eit ledd i den lange rekkja av liknande festningsanlegg som tyskarane bygde langs heile Norskekysten (Festung Norwegen). Sjå eige infoskriv om Festningen på Tittelsnes.

Kva fredagens deltakarar bør vera merksame på:

- 1. Start er utsett til kl. 22 for at alle deltakarane skal få mest mogeleg like forhold (les: like mørkt)**
2. Kvar post er utstyrt med ein sylindrisk refleks, som heng i snor over sjølve postskjermen
3. Vegen til start er merka på ordinært vis med plastband med små oransje o-flag på.
4. Det er høve til oppvarming på traktorveg fram til start. Terrenget utanfor vegen til start er forbode område.
5. Alle løyper kryssar eit gjerde. Det er laga opning i gjerde. Denne opninga er markert som passasje på kartet med raud løypepåttrykksfarge. Opninga i gjerdet er dessutan markert med markeringssløyfer.
6. I Løype 3 er ein sti, som startar i sjøkanten markert med merkeband slik at alle lett skal kunne oppdaga starten på stien.
7. Nokre stader ligg det greiner og eit fåtal rotvelta tre over tydelege stiar. Fleire passasjar er rydda etter vinterens øydeleggingar, men ver likevel obs på at nokre slike hinder kan dukka opp.
8. Deltakarane i C-løypa (Løype 4) får utdelt kart i lagsposane.
9. Kartet er trykt på vannfast papir slik at ein ikkje treng plastlomme utanpå.
10. Lause postbeskrivelsar er eit tilbod ved start for dei tre lengste løypene.
11. Dei to kortaste løypene (Løype 3 og Løype 4) er lagt i eit stirikt terreng med veg eller sti som vegvalsalternativ mellom dei aller fleste postane.
12. Dei to lengste løypene, (Løype 1 og Løype 2) kan gle seg over stirikt terreng ved starten og mot slutten av løypa. Elles lyt desse løparane kasta seg ut i eit o-teknisk utfordrande spennande og krevjande terreng som krev fast konsentrasjon og stø kurs skal ein lukkast.

God tur. Hugs å ta med god hovudlykt!

Med helsing



Sveio O-lag

P.S. Gled deg til å besøka kiosken etter målpassering